

Ad. FU-sak 102/18: Kjøp av Flora idrettssenter

Viser til underteikna sitt saksførelegg, utlagt 18.09.18.

21.09.18 ringde ordføreren i Flora til sakshandsamaren min. Han var positiv til innstillinga, men ønskte å få inn eit element til. Dette ville han sende over pr. e-post.

23.09.18 kom den varsla e-posten, saman med eit vedlegg kalla «Intensjonsavtale ...».

I e-posten skriv ordføreren:

«Viser til telefonsamtale og sender eit forslag til avtale som for vår del vil ha stor betydning for den vidare prosessen, både politisk, men og tryggleiken til idretten i Flora om tida etter sal og bygging av storhall. Handballen som skal selje Idrettssenteret og reinvestere i fotballhall, ser ikkje umiddelbart at kva som er deira oppside om det ikkje føreligg planar om ombygging av dagens fotballhall. Politikarane i Flora Bystyre vil og stille spørsmål om kvifor vi skal forplikte oss å leige for kr 2,6 millionar dersom det ikkje ligg nokon intensjon om å bygge om fotballdelen. Ei intensjonsavtale som eg foreslår her, vil kunne ta brodden av en slik utryggleik. Fint om denne kunne låge ved saka i fylkesutvalet og bli lagt ved vedtaket. Tek gjerne innspel.»

Nemnde «avtale» (dvs. intensjonsavtale) følgjer denne e-posten som vedlegg.

Fylkesadministrasjonen har i arbeidet med saka ikkje hatt kontakt med ordføreren i Flora. I saka skriv vi m.a. følgjande:

«På dette grunnlag vart det inngått ein intensjonsavtale, jf. FU-sak 106/17, ... Partane har i ettertid vidareført tingingane og administrativt er det i hovudtrekk trekt opp desse vilkåra for ei semje: ...» (understreka her).

Når det gjeld koplinga mot den planlagde storhallen i Florø, har det – på administrativ side – vore semje om at denne problemstillinga må vi ta når denne måtte kome. Storhallen er gitt slik omtale i saka vår:

«Storhall Vest, Florø:

Det er kjent at det i Florø vert arbeidd med å etablere ein ny fotballhall, jf. m.a. FT sak 30/18 T1/2018, med vedtak om investeringsstøtte til Flora kommune, Storhall Vest. Om og når ein slik storhall vert etablert kan det få konsekvensar for ei framtidig endring av Flora Idrettssenter si kunstgrasbane. Det er i prosjektet og saka ikkje teke omsyn til ev. framtidige ombyggingar av dette arealet. Ved ei ev. slik ombygging må leigeavtalen endrast for å få ein større investeringsdel dekkja.

Dette til fylkesutvalet si orientering.

Med helsing
Tore Eriksen
fylkesrådmann
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Tore.Eriksen@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530932